



For få påmelde gjer at det ikkje vert Rockeband-gruppe under FestidaGen. Bildet er frå festivalen i fjor.

**Grappa som har ansvaret for FestidaGen-aktivitetane har hatt gjennomgang av påmeldingane til dei ulike gruppene. Janne G. Hjørnevåg som er leiari for FestidaGen-grappa, melder at dei mellom anna treng fleire reportarar til det planlagde FestidaGbladet.**

FestidaGbladet skal gjennom tekst og bilde presentere den pulserande aktiviteten under Festidalen torsdag, og på dagen fredag og laurdag. Det ventar heilt sikkert både spennande og interessane oppdrag. Di fleire som melder seg, di meir godt Festidalenstoff vil verta publisert for publikum.

I tillegg er det framleis nokre ledige plasser på trommegruppa, skateparken, cheerleading, grafitti og hiphop(12-15 år). Omtale av aktivitetane og påmeldingsskjema finn de på Festidalen si heimeside, og de kan gå direkte inn ved å opne denne linken: <http://www.festidalen.no/festidagen/>. Arrangørane håpar og at fleire melder seg på Småstjerner. Det kan og gjerast på same skjema.

Vår oppfordring er: klick dåke inn, meld dåke på og gjer Festidalen-dagane endå kjekkare!

Janne G. Hjørnevåg melder og at Rockeband dessverre må gå ut då det er for få påmelde. Likevel vert det stor aktivitet for born og unge under Festidalen-dagane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Festidalen.